

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 08.09.17
SAKSHANDSAMAR: Leif Terje Alvestad
SAKA GJELD: **Riving av bygningar**

STYRESAK: 62/17

STYREMØTE: 29.09.17

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF gir si tilslutning til riving av Breidablikgata 53, Karmsundgate 120 B (Toppen), Henrik Ibsens gate 60 (Bråsteintunet), Henrik Ibsens gate 61, Henrik Ibsens gate 63, Henrik Ibsens gate 57 og Henrik Ibsens gate 70 (p-hus) samt ein del av psykiatrisk bygg (Karmsundgaten 120) for å leggje til rette for nybygg.

Bakgrunn for saka

Gjennomføring av prosjekt Bygg2020 krev at følgjande bygg blir rive:

Breidablikgata 53

Bygget ble oppført på 20 talet, antakeleg som bustad. Helse Fonna HF har nytta bygget til kontor for ulike funksjonar (IT, Hygiene).

Fakta

Breidablikgata 53 Bygge år: 1936 BTA: 290 Teknisk Tilstandsgrad: 2,6 Tidligere kontor for Hygiene og NOKLUS. Bygget står for tiden tomt. Bokført verdi: 0 (ferdig avskrevet)
--

Karmsundgata 120 B (Toppen)

Bygd i 1952 som legebustad, seinare nytta som barnehage (avdeling Toppen) under Bråsteintunet barnehage. Huset ble i 2010 rehabilitert og har sidan blitt nytta av seksjon for behandlingshjelpemidlar.

Fakta

Karmsundgata 120 B (Toppen) Bygge år: 1952 BTA: 450 Teknisk Tilstandsgrad: 1,8 Seksjon for behandlingshjelpemidlar Bokført verdi: 1.850.000,- (pr. 31.12.2017)

Henrik Ibsensgate 60 (Bråsteintunet)

Bygget ble oppført som barnehage i 1975. I 2009 ble det gjennomført ein virksomhetsoverdraging kor Barnebygg AS, seinare Espira Bråsteintunet AS, overtok drifta av barnehagen. Avtale mellom Helse Fonna og Espira løpar fram til 01.12.2019

Fakta

Henrik Ibsensgate 60 (Bråsteintunet barnehage) Byggje år: 1975 BTA: 790 Teknisk Tilstandsgrad: 2,6 Espira, Bråseteintunet barnehage Bokført verdi: 0 (ferdig avskrevet).

Henrik Ibsens gate 57

Helse Fonna HF kjøpte hausten 2016 bustaden i Henrik Ibsens gate 57. Bustaden ble oppført i 1936.

Fakta

Henrik Ibsens gate 57
Byggjeår: 1936
BTA: 180
Bokført verdi: 0,-

Henrik Ibsens gate 61

Helse Fonna HF kjøpte hausten 2017 bustaden i Henrik Ibsens gate 61.

Fakta

Henrik Ibsens gate 61
Byggjeår: 1936
BTA: 175
Bokført verdi: 0,-

Henrik Ibsens gate 63

Helse Fonna HF kjøpte hausten 2017 bustaden i Henrik Ibsens gate 63.

Fakta

Henrik Ibsens gate 63
Byggjeår: 1936, påbygget 1976
BTA: 250
Bokført verdi: 0,-

Parkeringshus vest- Henrik Ibsens gate 70

Helse Fonna HF bygget i 2006 parkeringshus vest. Parkeringshuset har to etasjer og har 45 parkeringsplasser.

Fakta

Henrik Ibsens gate 70
Byggjeår: 2006
BTA: 1328
Bokført verdi: 4 166 915 (pr 01.12.2017)

Psykiatri bygget - Karmsundgaten 120

Helse Fonna HF må rive ein del av eksisterande psykiatri bygg som følgje av prosjekt Bygg Hgsd 2020.

Fakta

Karmsundgaten 120
Byggjeår: 1987
BTA: 1512 (rives) 3 etasjer
Bokført verdi: kr 9 955 000 (pr 01.12.2017)

Arbeidet med å rive bygningane vil være ein del av byggegrop entreprisen. Når det gjelde riving av Breidablikgate 53 vil dette bli handtert gjennom ein separat kontrakt.

Administrerende direktør planlegg at det blir sendt fram søknad til kommunen på riving av bygningane så snart saka er handsama i styret i Helse Fonna.